

Årsmelding 2022 - Kommunestyregruppa Kinn Arbeidarparti

1.0 Kommunestyregruppa Arbeidarpartiet i Kinn

1.1 Faste medlemmar i gruppa:

Ola Teigen, Silje Ødegård Standal, Tove Lill Refvik Volle, Ronny Cassells, Lars Terje Standal, Anders Ole Sunnarvik, Bente Nygård, Petter Refsnes, Kim Gunnar Jensen, Leif Magne Gil og Marie Jensen (f.o.m. september 2022)

1.2 Vara som har møtt:

Stine Kråkenes Øvreliid, Doris Christensen, Inger Strand Kvalheim, Asbjørn Sørdal, Thea Louise Esp og Åge Larsen.

2.0 Formannskapet:

Ola Teigen

Silje Ødegård Standal

Tove Lill Refvik Volle

Marie Jensen(f.o.m. september 2022)

3.0 Oppvekst- og kulturutvalet:

Leif Magne Gil (leiar) (fritak frå alle verv t.o.m. juli 2022)

Doris Christensen

4.0 Helse, sosial- og omsorgsutvalet:

Ronny Cassells (1.nestleiar)

Stine Kråkenes Øvreliid

5.0 Plan, miljø- og næringsutvalet.

Lars Terje Standal (2.nestleiar)

Bente Nygård

6.0 Samferdsleutvalet

Kim Gunnar Jensen

7.0 Administrasjonsutvalet

Anders Ole Sunnarvik (leiar)

8.0 Kontrollutvalet:

Helen Hjertaas

9.0 Politisk samarbeid:

I 2022 hadde vi stort sett eit godt samarbeid med Høgre og Venstre. Samarbeidet med Høgre var til tider litt utfordrande då vi fleire gongar opplevde at dei gjekk tilbake på saker vi tidlegare var einig om. Høgre kom med spørsmål om saker som vi hadde hatt ein gjennomgang av opptil fleire gongar tidlegare, og det var mykje fram og tilbake om kva dei kom til å stemme i dei ulike sakene.

I budsjettarbeidet i november og desember 2022, prøvde H, V, Krf og Frp å komme i mål med eit felles budsjett. Vi hadde eit møte før vi starta forhandlingane der vi avklara at alle framleis kom til å gå for å legge ned skulane i Stavang og Steinhovden. Dette var viktig å få avklara då det hadde budsjettkonsekvens. Alle informerte om at dei kom til å gå for skulenedlegging. Vi hadde mange diskusjonar rundt eigedomsskatt, Skram skule, og bygging av institusjon i Florø. Det blei særskilt vanskeleg å forhandle, og etter eit par veker informerte Høgre resten av partia om at dei ikkje ville legge ned Stavang skule likevel. Det som låg som eit premiss for forhandlingane, gjekk dei no tilbake på igjen. Situasjonen var då så utfordrande at vi ikkje såg korleis vi skulle bli samde om budsjett og økonomiplan. Til slutt leverte vi eit budsjettframlegg saman med Krf som diverre ikkje fekk fleirtal i kommunestyret.

10.0 Arbeidsorden:

Det har som regel vore gruppemøte i forkant av kommunestyremøte og/eventuelt formannskapsmøte/utvalsmøte.

Nesten alle gruppemøta i Kinn Ap har vore digitale. Vi har hatt 21 gruppemøte i 2022.

11.0 Anna arbeid:

12.0 Viktige saker er:

Administrasjonsutvalet :

I 2022 gjennomførte ADMU 13 møter. Mange av møta har vore med fokus og forløpende tidsstatus på gjennomføringa av bemanningsplanen etter retningslinje fra budsjett/økonomiplan 2022. Ca. 60 % reduksjon bemanning har blitt gjennomført innan utgangen av året. Dette i form av avgang på grunn av oppnådd aldersgrense, eller andre grunner til naturleg avgang. Ingen faste tilsette har blitt oppsagt mot sin vilje med grunn i bemanningsplanen. Det er innført ei øvre aldersgrense på 70 år, som er likt med statens sin øvre grense for arbeidstakarar.

Internkontroll og avdekking av avvik har vore tema, og vil vidare bli følgt opp av utvalet i 2023, for å skape ein tryggare og betre trivsel for alle arbeidstakarar i Kinn kommune.

Sjukefråværstal har vore fokus på i utvalet gjennom heile 2022. Kinn kommune har hatt ei betydeleg høgre fråværsstatistikk enn gjennomsnittet 3. og 4. kvartal i 2022 (2. halvår) viste tydeleg reduksjon både i korttids og langtidsfråvær. ADMU kjem til å følge sjukefråværstala tett også i 2023, ikkje minst grunna reduserte driftsrammer vedtatt i budsjett/økonomiplan 2023.

Kultur og oppvekstutvalet:

- Fortløpande barnehageopptak. Utvalet fekk administrasjonen til å utgreie saka, og innhente informasjon om tilsvarande løysingar i andre kommunar. Saka vart deretter sendt vidare til FS/KS.
- Vi har vedtatt handlingsplan for frivilligheit.
- Utvalet har jobba med, og sendt ut på høyring temaplan for oppvekst. Ei omfattande plan som kan gje grunnlag for administrative og politiske avgjersler i tida framover. Vi skal gå gjennom innspela frå høyringa i møtet i februar 23.
- Det vart arbeida ein del med sak om opptaksområde for skulane i Kinn, men Ap si innstilling fekk ikkje fleirtal i denne saka.

Utvalet har og vore på nokre synfaringar/besøk denne hausten.

Vi har vore på Florø ungdomskule kor vi i hovudsak fekk sjå på uteområdet der det føreligg planar om ei oppgradering. Vi var og på Torvmyrane, og fekk sjå ein flott skule, som mellom anna har innføringsklasse. Vi fekk høyre fordelar og ulemper med dette.

I november var vi til Raudeberg skule, kor vi hadde eit møte med rektor. Bakgrunn for dette møtet var forslag om reduksjon av ein barneskule i tidlegare Vågsøy.

Det politiske arbeidet i utvalet ber preg av å ikkje «ha posisjon». Sidan 2020 har vi hatt forskjellige samarbeidsparti, men det har vore lite konkret. Vi starta med eit samarbeid, gjekk over til eit anna, også vidare til eit uformelt samarbeid frå sak til sak. No er Ap sine medlemmar i utvalet i opposisjon resten av perioden. Det har difor vore særskrivjande å få til det gode politiske arbeidet.

Helse-, sosial- og omsorgsutvalet:

Det er handsama ei rekke ulike orienteringar.

Utvalet har handsama mange skjenkesaker

Utvalet har hatt ei sak om etablering av felles legevakt med Flora og Bremanger frå juni 2022.

Temaplan Helse og Velferd 2022-2034 er sendt på høyring i 2022.

Største saka er og vert vidare auka institusjonskapasitet. Ny sjukeheim i Florø skal vere i staden for sjukehuset på sjukehuseigedomen. HSO har gjeve tilsegn til funksjonar som kan vere med i prosjektet. Denne investeringa vert den aller største investeringa i kommunen.

Plan, Miljø og Næringsutvalet:

Kommunedelplan Florelandet og Brandsøy og evt utviding av flyplassen.

Vi har hatt arbeidsmøte på Svanøya og i Måløy

Gartnerihagen prosjektet (Florø), Øvre Skram (Måløy), sentrumstomta (Måløy), Florelandet Nord og ei utviding av Basen, utvikling av Måsholmen (Florø), Hans Blomgata 30-44 (Florø), regulering på Almenningsfjellet (Måløy), Nesjane industri (Eikefjorden), Olav Sindresonveg 1 (Florø) Kvartalet 36 og 27 (Florø).

Andre viktige saker:

7. september i kommunestyremøtet i Deknepollen blei lagnaden til Kinn kommune endeleg avklara. Med 21 mot 18 røyster gjekk ein inn for at kommunen skulle halde fram. Ei veke før, den 1. september, sa eit fleirtal i kommunen på 44 stemmer, ja til Kinn.

Saka totalt sett har vore krevjande for Ap og kommunen. Sjølv om Kinn Ap har vore positive til den nye kommunen, har ein måtte legge ned mykje arbeid i å drive valkamp for vårt syn. Kommunestyregruppa har jobba mykje med saka både på og imellom

kommunestyremøta. Frustrasjonen med politiske parti som vinglar har tidvis vore stor. Spesielt har Høgre vore utsydelege i spørsmålet om Kinn si framtid.

Delingsspørsmålet har kravd store ressursar både politisk og ikkje minst administrativt. No er det viktig at vi ser framover og bygger ein god kommune.

Ola Teigen
Ordførar

Silje Ødegård Standal
Gruppeleiar